

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2016-0013	<b>Søknadsår</b>	2016	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
<b>Prosjektnavn</b>	Jubileumsforestilling for Danseverkstadane i fylke			

### Kort beskrivelse

KORT prosjektskildring

Dans Uten Grenser (DUG) etablerte danseverkstadane i Sogn og Fjordane i 2006 i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune som del av folkehelsearbeidet. Danseverkstadane fyller såleis 10 år i 2016. Alle danseverkstadane (i 11 kommunar) har gått saman om å markere dette med ei stor jubileumsforestilling hausten 2016. Forestillinga vil involvere 100 unge danseinstruktørar, og den vert vis på 7 ulike stader i fylket.

### Prosjektbeskrivelse

Om Danseverkstadane

Dans Uten Grenser (DUG) baserer seg på ung-til-ung-formidling. Det betyr at det er dei unge som lærer andre barn/unge å danse etter at dei sjølve er blitt kvalifisert som ung-instruktør.

Ung-instruktørane driftar fleire dansegrupper i kommunen sin, og underviser barn og unge i alderen 6 – 20 år. Dette gjer dei utan betaling. Ungdom frå 13 år og eldre kan ta instruktørutdanning gjennom DUG. Utdanninga går over 10 helgar fordelt på 9 månader, der dei avsluttar med skriftleg eksamen, solodans og gruppedans.

Danseverkstadane er eit viktig førebyggjande tiltak. I Sogn og Fjordane starta fylkessatsinga i 2006 som del av eit prosjekt i fylkeskulturavdelinga for å fremje fysisk aktivitet og motverke tidleg debut av alkohol og andre rusmidlar. Satsinga vart i finansiert av regionalavdelinga over folkehelseprogrammet og dei deltakande kommunane. Ein var oppteken av å nå dei som ikkje fann seg til rette i dei etablerte fritidstilboda i kommunen sin, dvs. dei uorganiserte.

Dansen krev god kondisjon og dei unge instruktørane trener og beveger seg mykje. Gjennom instruktørrolla opplever ungdommane meistring og får tru på seg sjølv og personleg vekst. Dei får drive med det dei likar saman med andre med same interesser, og dei utviklar vennskap og samhald. Dette er viktig for deira psykiske helse og trivsel og for at dei skal meistre livet på alle arenaer på ein god måte.

Vi erfarer også at ungdomane er stolte over kommunen dei bur i fordi den har etablert danseverkstaden, og med det viser at dei er opptekne av korleis ungdomane har det. Identiteten til heimstaden vert styrka, og nokre seier sjølve at den fine tida som instruktør i danseverkstaden kan vere grunnen til at dei flyttar heim igjen, dersom dei flyttar vekk og tek utdanning når dei vert eldre.

Danseverkstadetableringa har gjort at 11 små og store kommunar i fylket har fått eit dansetilbod. I desse kommunane jobbar 100 danseinstruktørar frivillig med undervisning for ca. 1100 elevar kvar

veke. Med dette gjer ungdommane eit formidabelt arbeid for nærmiljøet sitt.

Danseverkstadane skal vere «ein plass for alle» - eit fritidstilbod med låg terskel for deltaking både økonomisk og sosialt. Dette er viktig i høve kommunane sitt krav etter folkehelseleva om å utjamning i sosiale helseskilnader i befolkninga. Det blir lagt stor vekt på at instruktørane skal «sjå» alle elevane og inkludere alle. Instruktørane er viktige rollemodellar for elevane i danseverkstaden, og det blir stilt forventningar til dei. Som instruktør lærer dei unge å ta ansvar, lede og stå framfor ei forsamling eller eit publikum. Dei blir trygg på seg sjølv. Det å vere danseinstruktør blir slik sett ei personleg utvikling for den enkelte, samtidig som dei er del av eit stort fellesskap. Å fremme meistring, respekt, samhald og samarbeid er såleis viktige verdiar i danseverkstadane

Produksjon – gjennomføring av prosjektet

Å jobbe fram ei førestilling som involverer 100 unge frå mange kommunar er eit omfattande og ressurskrevjande prosjekt. Detaljert planlegging, involvering, kontakt, informasjon og møter krev mykje. M.a. er det informasjonsmøter med foreldra i kvar kommune. Å bestemme det kunstneriske uttrykket for heile førestillinga og dei enkeltstående koreografiane med val og innkjøp av kostymer er omfattande. 560 ulike antrekk skal brukast. I tillegg skal det lagast musikkproduksjonar/mix som passar til det som skjer på scena og som sikrar gode overgangar mellom dei enkeltstående koreografiane. 5-6 koreografar utgjer produksjonsteamet, og dei skal koordinerast og følgjast opp gjennom heile prosjektet når dei kjem heim til fylket for å instruere på øvingshelgane.

Det er lagt opp til 15 øvingshelgar der ein i hovudsak øver inn koreografi. Det blir fem samlingar i Sogn og fem i Sunnfjord - to reine «gutehelgar» og tre samlingar for alle dei 100 instruktørane som deltek. Det er krevjande å få gitar i gong som instruktørar og difor vert det eigne koreografiar for gitar. I tillegg er dei viktige rollemodellar for gitar blant publikum, og viser at det er tøft også for gitar å danse.

70% av koreografane/instruktørane som DUG har henta inn til førestillinga har starta si dansekariere som elevar i ein av danseverkstadane. Deretter har dei kvalifisert seg til danseinstruktør i same verkstad. Fleire av dei har seinare gått vidare til Norges balletthøgskule, Statens balletthøgskule, fått seg jobb i eit danseensemble eller jobbar som dansepedagogar.

Kostymer

Alle kostymane som blir kjøpt inn i til førestillinga kjem danseverkstadane i fylket til gode. Dei blir lagra på hovudlager i Førde, og blir lånt ut til danseverkstadane i ettertid ved behov. Gjennom ulike prosjekt dei siste åra har det etter kvart bygd seg opp eit flott kostymelager. Skikkelige kostymer i showa er viktige for dansarane som deltek. Dei dansar rolla si ekstra godt når riktig kostyme kjem på. Samtidig gir dette eit profesjonelt uttrykk som er med å gjere opplevinga for publikum endå større. Verknaden av prosjektet - sjølv produksjonen og jubileumsførestillinga Instruktørane i DUG får som tidlegare sagt ikkje løn for å drifte dei lokale dansegruppene, men dei får betalt i form av å delta på danseprosjekt der dei utviklar seg og får påfyll som dansarar. Jubileumsførestillinga er eit slikt prosjekt der instruktørane bli betre dansarar og lærer korleis ein set saman «proffe» danseshow. Denne kunnskapen tek dei med seg heim og bidreg til å løfte sin eigen danseverkstad, både når dei lagar koreografi til eigne danseelevar og når dei lager sine lokale danseførestillingar.

Gjennom øvingshelgane utviklar det seg eit viktig fellesskap og vennskap for dei unge på tvers av kommunegrenser. Dette gir dei ekstra påfyll og motivasjon. Nettverket ungdomane etablerer med andre unge i fylket er svært verdifullt.

Eventuelt overskot av jubileumsturneen.

Accountor Rekneskapsteneste AS avdeling Førde fører rekneskapen for prosjektet. Eit eventuelt overskot vil gå attende til danseverkstadane og til vidare utvikling av instruktørane.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Dans Uten Grenser Org.nr:991796290	Farsund 6819 FØRDE	41657941
<b>Kontakt- person</b>	Ove Henning Solheim	Farsund 6819 FØRDE	41657941
<b>Prosjekt- leder</b>	Ove Henning Solheim	Farsund 6819 FØRDE	41657941

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gitt støtte til store førestillingar som i danseverkstadregi, siste gang i 2013 til jubileumsførestillinga ungdommane bidrog med for å feire at Sogn og Fjordane var 250 år.

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Danseverkstadane i Sogn og Fjordane feirar 10 års jubileum i 2006 og vil markere dette med ei stor jubileumsførestilling. Vi viser elles til informasjon gitt tidlegare i søknaden.

### Prosjekt mål

Vi ynskjer at publikum skal oppleve energien, dansegleda og profesjonaliteten som ungdommane har utvikla undervegs og vise kva dansen betyr for dei. Ungdommane viser at dei torer å eksponere seg framfor eit stort publikum, at dei kan og vil!

I tillegg er førestillinga viktig for kompetanseheving og rekruttering av nye danseinstruktørar.

### Forankring

Prosjektet er forankra i 11 kommunar som deltek i planlegging og tilrettelegging av øvingshelgar og avvikling av sjølve førestillingane. Dei deltek også med finansiering.

Danseverkstadane passar godt inn i Regional plan for folkehelse 2015-2025 og satsingsområde 4 "Trivselsfremjande fritid" i handlingsprogrammet.

### Prosjektorganisering

Jubileumsførestillinga er ikkje organisert med styringsgruppe og prosjektgruppe, men vert styrt av fylkesnettverket for danseverkstad-kommunane og Dans Uten Grenser. Dette nettverket møtes regelmessig, og oftare enn vanleg i prosjektperioden.

Kommunane tek også ansvar for "sin" del av prosjektet: Oppfølging av egne instruktørgrupper, praktisk ansvar for øvingshelgar som vert lagt til kommunen, informasjon om og profilering av førestillinga for å sikre oppslutnad og godt billettsal

### **Samarbeidspartnere**

Kommunane Flora, Luster, Sogndal, Fjaler, Hyllestad, Førde, Askvoll, Leikanger, Balestrand, Jølster og Årdal og Dans Uten Grenser

### **Aktiviteter**

Hovudaktiviteten er 15 øvingshelgar som fører fram til ferdig forestilling. Men, mange arbeidskrevjande delaktivitar/område må vere på plass: kunstnerleg uttrykk og koreografiar i forestillinga, musikkval- og produksjon/mix av musikk som passar saman og sikrar gode overgangar mellom dei ulike elementa i forestillinga. Kostymer. Informasjon. Logistikk: transport, overnatting, lokalitetar, matsservering. Og mykje, mykje meir.

### **Målgrupper**

- 1) 100 ung-instruktørar frå 11 kommunar
- 2) Kommunane
- 3) Publikum

### **Resultat**

Jubileumsførestilling som skal visast 7 stader i fylket i oktober 2016

### **Effekter**

Begeistre publikum, få fram energien, dansegleda og profesjonaliteten ungdommane har. Viser at danseverkstadane står for kvalitet og at ungdommane torer, kan og vil!

Kompetanseheving og rekruttering av nye danseinstruktørar.

Bidra til å oppretthalde eit godt fritidstilbod i kommunane og inspirere andre til å etablere danseverkstader - lokalsamfunnsutvikling. Helse og trivsel. Samarbeid og vennskap på tvers av kommunegrensar.

Identitet til eige fylke som gir bulyst.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Prosjektet hadde sin spede begynnelse våren 2015 då dei involverte kommunane i samarbeid med firmaet Dans Uten Grenser bestemte seg for å gjennomføre ei jubileumsførestilling.

Milepælane i prosjektet er 15 produksjonshelgar/øvingshelgar der alle ungdomane øvar tilsamen 14 timar kvar helg. Mellom kvar samling har dei eigentrening i eigen kommune. Fyrste øvingshelg var i oktober 2015.

Siste milepæl er dei 7 førestillingane rundt om i fylket.

### **Kostnadsplan**

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Administrasjon	365 000					365 000
Markedsføring	115 000					115 000
Turnèkostnader	325 000					325 000
Utgifter produksjon	465 000					465 000
Utgifter produksjonsteam	75 000					75 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>1 345 000</b>					<b>1 345 000</b>

Spesifisert kostnadsplan ligg som vedlegg

### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Andre stønadskjelder	340 000					340 000
Billettinntekter	175 000					175 000
Deltakande kommunar	335 000					335 000
Eigenandel ungdommane	120 000					120 000
Sparebankstiftinga	175 000					175 000
Tilskot frå Fylkeskommunen, kulturavdelinga	50 000					50 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	150 000					150 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 345 000</b>					<b>1 345 000</b>

Sparebankstiftinga og kommunane har stadfesta sine tilskot. Det er ikkje søkt andre kjelder enno, men det vil bli gjort innan fristen for dei aktuelle stønadsordningane. Det vert såleis sendt søknad om kulturmidlar frå kulturavdelinga i fylkeskommunen den 15. januar d.å.

### Geografi

1401-Flora, 1413-Hyllestad, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1424-Årdal, 1426-Luster, 1428-Askvoll, 1429-Fjaler, 1431-Jølster, 1432-Førde

### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Danseverkstaden rapport klikkbar (2).pdf	2 505 274	15.01.2016
Jubileumsforestilling - beskrivelse og søknad.docx	219 519	15.01.2016
Kopi av budsjett jubileumsforestilling endelig.xlsx	14 147	15.01.2016